



Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre

Møtestad: Digitalt møte, Teams

Dato: 28.04.2023

Tidspunkt: 09:00 - 10:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigbjørn Hauge	Leiar	Voss herad
Liv-Anne Aanesen	Nestleiar	Modalen kommune
Marta Sofie Vange	Medlem	Vik kommune
Petter Sortland	Medlem	Høyanger kommune
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	Vestland fylkeskommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Møtet vart gjennomført digitalt på Teams.

Liv-Anne Aanesen leia møtet. Sigbjørn Hauge var med i møtet under siste del av orienteringssakene, og under styresak 11/23.

Andre frammøtte:

Namn	
Anbjørg Nornes	sekretær / verneområdeforvaltar
Maria Baudonnel Underdal	rådgevar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Liv-Anne Aanesen

Marta Sofie Vange

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 8/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 9/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 10/23	Orienteringar og referatsaker		
RS 5/23	Dispensasjon - delegert vedtak - endring - Mørkves-Grøndalen - motorferdsel med snøskuter - materialtransport		2023/2972
RS 6/23	Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Grøndalen - motorferdsel med snøskuter - materialtransport		2023/2972
RS 7/23	Delegert vedtak - dispensasjon - Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - motorisert ferdsel i samband med restaureringsarbeid		2020/2589
RS 8/23	Svar på søknad - Stølsheimen landskapsvernområde - dispensasjon for kartlegging av vegetasjon overvåkingsprogrammet "Arealrepresentativ naturovervåking" (ANO) - 2023		2023/6001
ST 11/23	Stølsheimen landskapsvernområde - Åsedalen - ny heilårsbru		2023/4541

ST 8/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 28.04.2023

Handsaming i møte

Innkalling og dagsorden vart lagt fram til godkjenning.

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 9/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 28.04.2023

Handsaming i møte

Framlegg på Marta Sofie Vange til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtak

Marta Sofie Vange vart valt til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

ST 10/23 Orienteringar og referatsaker

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 28.04.2023

Handsaming i møte

Referatsaker og delegerte saker vart lagt fram til orientering.

Maria Baudonnel Underdal er ny vikar som verneområdeforvaltar og sekretær for Stølsheimen verneområdestyre og Nærøyfjorden verneområdestyre.

Forvaltarane orienterte om arbeidet med ny parkering på Tenne. dette er startpunkt for turar inn i Stølsheimen landskapsvernområde. Parkeringsplassar og skilt i Ortnevik vil vera ferdigstilt om kort tid.

Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval vert 28. og 29. august 2023, med turmål Torvedalen eller Selhamar. Eit av tema på samlinga er tiltak i samband med regulerte vatn innanfor verneområdet.

Vedtak

Referatsakene og delegerte saker vart tatt til orientering.

ST 11/23 Stølsheimen landskapsvernområde - Åsedalen - ny heilårsbru

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 28.04.2023

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Bergen og Hordaland Turlag løyve til å etablera heilårsbru som erstatning for den gamle sommar-brua som ligg over elva i Åsedalen i dag. Løyvet er

gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Brua og fundamenta skal ha same storleik og utforming som synt på vedlagt skisse.
- Lengde på brua skal vera inntil 7 meter, støypt brufundament i betong på kvar side av brua kan ha ein høgde på inntil 50 cm. Dersom det er mogleg, skal betongfundamentet blendast med stein.
- Det kan byggjast trappetrinn av stein i overgangen mellom terreng og bru. Det kan plukkast supplerande steinar i nærområdet til utforming av trapp og blanding av betongfundament.
- Det skal nyttast flammebehandla kjerneved av furu som spennbjelkar, saman med ubehandla kjerneved av furu som toppdekke.
- Rekkverket skal vera i stål med kjetting mellom stolpane.
- Vert storleik eller utforming endra må det sendast ny søknad til Stølsheimen verneområdestyre.
- Terrenginngrep skal avgrensast til det som er naudsynt for å få bygd ny heilårsbru over bekken til Åsedalen.
- Bergen og Hordaland turlag skal melda ifrå til Stølsheimen verneområdestyre før oppstart av tiltaket.
- Tiltaket skal vera gjennomført og slutført innan 30. november 2023.
- Det skal sendast rapport med bilde av tiltaket innan 01.12.2023 til sekretariatet for verneområdestyret.

Dette løyvet er berre vurdert etter verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde. Tiltakshavar må ta kontakt med Vik kommune for å avklare eventuelt løyve etter anna lovverk.